
Pandoras veske

Skrevet av Kjetils - 19/02/2010 20:05

Om Pandora hadde hatt ein sekk
Og ikkje denne eska
Då kunne vondskap gøymast vekk
I denne litle veska

Sekken kunne romme alt
Som ikkje tålte lyset
Alt det varme som vart kaldt
Som fekk meg til å fryse

Vonbrot og leie ting
Og mange ugjorte leksar
Skjellsord som enno ring
I øyra som troll og heksar

Så hadde Pandora ein sekk på si
Så var det skoleveska mi

KS

=====

Sv:Pandoras veske

Skrevet av Johanne - 25/02/2010 01:53

"Alt det varme som vart kaldt
Som fekk meg til å fryse"

Kära Poet!

Vi tål ju ganska bra det som är kallt, men mindre bra att den värme vi möter bryts, blir kall. Det är inte godt att frysa.

Jag tyckte dessa ord som du formulerat var väldigt riktiga.

=====